# Bilete og resultat frå aktivitetar i klubben mai 2022- mai 2023

Os junior-bridgeklubb



Frå klubben sin stand under frivilligmessa i Oseana, september 2022.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

# Skulemeisterskapet 2022, 26. - 27. mai 2022 på Lillehammer



Bilete frå Nore Neset sin kamp mot Danmark.

22 lag deltok i turneringa. Slik gjekk det med våre lag:

15. Lunde Barneskule
Solveig Drægе
Sienna Vangdal
Herman Moberg
Anniken Moberg

19. Nore Neset Barneskule
Nora Rasmussen
Randi-Helene Baldersheim
Torbjørn Mo
Reni Mjølkeråen



Skulemeisterskapet 2022 på Lillehammer, heile gjengen.




Litt teori må til, hausten 2022.



Alls syng for Linda som blir pensjonist, 30. september 2022.

# Ny nettside!
# Hausten 2022




Endeleg kom det på plass ny nettside for klubben.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

# NM par junior,
# 22. - 23. oktober 2022
# i Sandnes




NM par rekrutt 2022, Solveig og Sienna på andreplass.

## Slik gjekk det med våre:

2. Sienna – Solveig
9. Linnea – Anniken
14. Herman – Torbjørn
16. Reni – Ingrid
19. Nora – Randi-Helene



Frå salen i Sandnes.



Pizza og bowling på laurdagskvelden.

# Sterk andreplass til Solveig og Sienna i Sandnes

Solveig og Sienna var med i tetstriden gjennom heile turneringa.

I helga som var gjekk årets junior-NM i bridge av stabelen i Sandnes med Sandnes juniorbridgeklubb som arrangør. Det blei konkurrert i to klassar: NM junior med 22 deltakande par og NM junior-rekrutt med 19 par til start.

Os juniorbridgeklubb hadde eigentleg planlagt danmarkstur denne helga, med landskamp mot danske juniorspelarar, men grunna ein større brann førre helg i lokala der turneringa skulle spelast, måtte turen utsetjast til våren. Heldig for oss då at det fanst eit godt alternativ vi kunne hengja oss på.

Fem par frå klubben deltok i turneringa som gjekk over 30 spel. Sienna Vedå Vangdal og Solveig Dræge gjekk fort til tet og kniva i tetstriden med tre-fire andre par gjennom heile turneringa. Til slutt blei det ein flott andreplass på paret, berre slått av Tor Gunnar Mathisen og Brage Hansen Mo frå Helgeland juniorbridgeklubb. Tredjeplassen gjekk til Emil Olsen og Ida Kristine Mathisen frå Trondheim ungdomsbridgeklubb/ Helgeland juniorbridgeklubb.

I NM junior hadde Os òg to deltakarar med. Best gjekk det for Thea Hove Hauge, som saman med Thea Indrebø kom på åttandeplass i eit sterkt felt. Carl-Otto Curran spelte saman med Joakim Sæther og blei nummer 12.

Resultatlister frå turneringene i Sandnes i helga er å finna på juniorbridge.no som for tida er gjennom ei "totalrenovering". I tillegg til aktuelt stoff og resultat frå turneringar, blir det her mogleg å spela og trena bridge direkte frå sida. Link til alle landets juniorklubbar, deriblant Os, ligg òg lett synleg.



**TETEN:** Solveig og Sienna i aksjon i lokaloppgjer mot Torbjørn og Herman (berre hendene synleg).

Os juniorbridgeklubb er open for alle i alderen 8-25 år. Vi har faste klubbkvelder på hovudbiblioteket annakvar fredag. Har du lyst å vera med, er det bare å ta kontakt med underteikna.

Takk til Sandnes juniorbridgeklubb for eit flott arrangement. Vi møtest snart igjen til nye tevlingar rundt bordet.

**Tarjei Vangdal**
Leiar
Os juniorbridgeklubb



**GJENGEN:** 10 spelarar frå Os juniorbridgeklubb deltok i årets rekrutt-NM i Sandnes. Her er heile gjengen i målet i Sandnes sentrum.

Os og Fusaposten 28. oktober 2022, sak frå junior-NM.



**HAR TRU PÅ PROSJEKTET:** – Det er realistisk å lukkast der det finst lokale drivkrefter, seier Tarjei Vedå Vangdal, som er leiar i Os juniorbridgeklubb. Foto: Benjamin Søgnen Olsen

## Tre millionar til nasjonalt prosjekt:

# No kan kortspel bli del av skuletida for elevar i Bjørnafjorden

– No treng vi berre nokre skular som ønskjer å vera med i prosjektet, seier Tarjei Vedå Vangdal.

**Benjamin Søgnen Olsen**
benjamin@osogfusa.no

Vangdal er leiar i Os juniorbridgeklubb. Han har visst om nyhendet ei tid, før det tysdag kom pressemelding om at Sparebankstiftelsen DNB bidreg med tre millionar kroner til utvikling av skulebridge som nasjonalt tilbod. I løpet av prosjektperioden vil 10.000 6. klassingar få tilbod om bridge i skulen.

Vangdal fortel at konseptet alt er testa ut i Nord-Norge med stor suksess.

— Det har gått føre seg i tre år der oppe, og har blitt presentert for nokre tusen born. Det viser seg at ungar som spelar bridge vanlegvis gjer det 20 prosent betre i matematikk og lesefag. Det har nok med konsentrasjon å gjera. Dei er kanskje ikkje glupare, men bridge viser positive effektar. Det er dokumentert gjennom forskingsstudiar får heile verda, seier Vangdal.

Juniorbridge-miljøet i Os tel i dag 20 medlemer. Før korona, var det dobbelt så mange. Vangdal håpar at ny E39 vil lokka fleire utanfrå til den lokale juniorbridgen — som faktisk er størst her på Vestlandet.

— Dei har ingenting i Bergen, men det skal koma. I første omgang er dette eit prøveprosjekt, men Sparebankstiftelsen DNB har sagt at om vi får dette til på ein god måte, er dei med vidare også. Då håpar eg at skulane er vakne, og tek denne sjansen. Draumen er at bridge er integrert i skulen om ti år, seier Vangdal.

### Vil starta roleg

I førsteomgang treng dei berre å få ja frå éin skule. Dette for å finna ut korleis opplegget best fungerer. Så kan ein etter kvart prøva ut det same opplegget på andre skular i kommunen.

— Det er ikkje noko poeng i å gå for hardt ut. Vi startar roleg. Dette skal administrerast og følgjast opp. Vi må finna ut kva som fungerer og ikkje. Så trykkjer vi til meir etter kvart, seier Vangdal og smiler.

Prosjektet vil skapa ei god plattform for rekruttering, noko som ifølgje Vangdal ikkje er heilt rett fram, særleg med tanke på at ein konkurrerer med ei heil rekkje andre fritidstilbod. Ein del av desse blir også fronta i mykje større grad enn bridge.

— Det er ikkje alle som vil springa etter ein ball. Fotball, handball og karate er kjend for dei fleste og blir også fronta i stor grad. Det gjer ikkje bridge, seier Vangdal og held fram:

— Bridge er sosialt, og vi har eit svært godt miljø. Det liknar litt på både poker og sjakk, men bridge er meir sosialt enn sjakk, og det er ikkje pengespel som det er i poker. Vi spelar om heider og ære, og det viktigaste er at ungane har det kjekt. Eg trur også at vi kan fanga opp ein del av dei som "fell utanfor" i dagen system.

### Livet er kort, spel bridge

Skulesjakk er blitt ein greie. Vangdal håpar og trur at dei no kan få til det same med bridge.

— Denne løyvinga har gitt oss ein sjanse. Det er realistisk å lukkast der det finst lokale drivkrefter, seier Vangdal og legg til slagordet til bridgen:

— Livet er kort, spel bridge.

Tarjei fortel om skulebridgeprosjektet, Os og Fusaposten 6. desember 2022.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

# Juleavslutning,
# 9. desember 2022
# på Rice




Klubben fylte opp heile restauranten.

Turneringa før vi gjekk på Rice, slik blei resultata av den:

1. Oda – Mie
2. Ole Morten – Linnea
3. Torbjørn – Isak
4. Leah – Jenny
5. Reni – Anniken
6. Sienna – Solveig
7. Ingrid – Randi-Helene
8. Herman – Anders
9. Nora – Louise

# – Vil lokke flere fanabuer til Os med kortspill

**OS: – Raskt voksende og godt sosialt miljø, kort vei og veldig rimelig fritidsaktivitet. Det er hva vi kan tilby, sier Tarjei Vedå Vangdal i Os bridgeklubb. Nå satser de spesielt på unge.**

Av Ståle Melhus
melhus@fanaposten.no



*KJEKT: Jenny Marie Gaassand (t.v.) og Leah Emilie Fortun fra Valle ble tilfeldig med i Os juniorbridgeklubb da de besøkte Bjørnafjorden bibliotek på en spillkveld.* Foto: Leif Juvik

Bridge er kortspillet alle har hørt om, men som de fleste ikke skjønner noen ting av.

Nå er det ting som tyder på at bridge er i ferd med å bli mer populært igjen. På Os er bridgeklubben voksende, og de har til og med startet en egen ungdomsgruppe som vokser raskt. Nå håper klubben å kunne friste nye og gamle bridgespillere fra Bergen sør til å benytte den nye E39-tunnelen for å bli med og spille kort.

– Vi har rundt 20 ungdommer som spiller fast annen hver fredag på Bjørnafjorden bibliotek. Os juniorbridgeklubb er for de mellom 7 og 21 år. Foreningen ble startet i 2018, og har hatt en flott vekst siden da, forteller Tarjei Vedå Vangdal.

### Dette er bridge

Spillet bridge fungerer slik at man spiller sammen med en makker og sitter enten nord-sør eller øst-vest. Man melder etter system, for å skaffe seg noenlunde kontroll på kortene. Deretter spiller man og prøver å ta mest mulig stikk utifra hvilke kort og meldinger man har gjort. Selve spillingen er ikke ulik «Amerikaner.»

– Det som er unikt med bridge, er at alle som sitter rundt de ulike bordene får samme kort å spille med. Det paret som gjør det best, får mest poeng slik at det er maksimal konkurranse i hver eneste runde. Bridge har momenter av både sjakk og poker, men er mer sosialt og passer til alle aldersgrupper, sier Vangdal.

### Mye på tur

Som så mange andre sosiale aktiviteter, merket bridgemiljøet en stagnering under koronapandemien. Men i fjor høst, når restriksjonene ble færre, begynte ungdomsklubben å bevege på seg igjen.

– Vi har reist mye det siste året. I fjor høst reiste vi med en del ungdommer til Lovund utenfor Bodø for å delta i en nasjonalt turnering i juniorbridge. Vi har vært på lokal samling på Askøy, i mai deltok vi på nasjonalt skolebridge turnering på Lillehammer og i oktober deltok vi på NM i Sandnes. Det er først og fremst det sosiale som er viktigst. Ungdommene skal ha det kjekt, og vi serverer pizza og brus på spillekveldene når vi samles på biblioteket, sier Vangdal.

### - Anbefales

Leah Emilie Fortun og Jenny Marie Gaassand fra Valle reiser til Os annenhver fredag for å spille bridge. Det hele begynte med en tilfeldighet.

– Jentene kom på biblioteket for å låne bøker da vi hadde spillekveld. Vi spurte om de hadde lyst å bli med og spille kort og spise pizza. Etter en rask avklaring med hjemmene, ble de værende utover kvelden, og de har fortsatt å komme, sier Vangdal.

Leah Emilie bekrefter at det kun var tilfeldig at de kom i kontakt med bridgemiljøet.

– Vi hadde aldri hørt om bridge før vi kom til biblioteket den dagen. Bridge kan virke litt vanskelig, men det blir lettere når man har spilt litt, sier Leah.

Det sosiale aspektet har helt klart fått de to fanajentene til å bli faste deltakere.

– Vi pleier å gå hver gang det er spillekveld. Det er skikkelig trivelig å spille kort, og det er masse kjekke folk. Det er veldig sosialt og det er en fin måte å få nye venner på. Jeg anbefaler det veldig til jevnaldrende, for det er skikkelig gøyt, sier Leah Emilie Fortun.

Til våren skal juniorklubben også på tur til Danmark for å spille mot danske bridgespillende ungdommer.

– Det gleder jeg meg veldig til, sier Leah.

### På tvers av generasjoner

Tarjei Vangdal jobber mye med rekruttering av både unge og voksne.

– Vi håper jo at det kan være flere både ungdommer og voksne fra Bergen sør som har lyst å bli med og spille bridge. Nå tar det knappe ti minutter fra Lagunen til Os, og Fana har ikke lenger en egen bridgeklubb. Så vi tenker at ny vei betyr nye muligheter for klubben og for de som har lyst å bli med og spille kort.

For å fornye miljøet i bridgeklubben, har de også innført spillkvelder hvor juniorene og de voksne spiller på lag sammen.

– Det er kjekt for de voksne å få nye makkere, og de unge lærer veldig mye fortere av å spille med erfarne spillere. Vi har gjort dette noen kvelder nå, og det har vært stor suksess med å møtes på tvers av generasjonene, sier Vangdal.

### Skolebridge

Neste prosjekt for å rekruttere ungdom til bridgespillet, er å sette i gang med skolebridge. Norsk Bridgeforbund har fått tre millioner kroner til sitt skolebridgeprosjekt, hvor Tarjei Vangdal er en av primus motorene. Det jobbes blant annet fra forbundet inn mot Kunnskapsdepartementet for å få bridge inn i ungdomsskolen som valgfag.

Flere skoler rundt om i landet har allerede testet ut bridge i skolen, med gode resultater.

– Det er statistisk bevist at ungdommer som spiller bridge presterer bedre i fagene norsk og matematikk. Bridgespillet bidrar til økt evne til konsentrasjon, økt samarbeid, kommunikasjon og sosial utvikling. I tillegg er det inkluderende for alle. Bridge-spillet er en forlengelse av mange skolefag, og det er i tillegg en veldig billig fritidsaktivitet, noe mange sikkert kan sette pris på i økonomisk trange tider, sier Vangdal.

Fredag 30. desember arrangerer Os bridgeklubb nyttårsturnering.

– Det er en tradisjon, og stemningen pleier å være god. Alle som har lyst å delta er hjertelig velkommen, sier Tarjei Vedå Vangdal.



*PIZZA OG BRUS: Pizza og brus er fast servering når juniorene møtes for å spille bridge. - Det er utrolig kjekt å være med, og jeg kan anbefale andre å bli med sier Leah Emilie Fortun. Her koser hun seg sammen med Jenny Marie Gaassand (t.v.).* Foto: Leif Juvik



*PÅ TVERS: Unge og voksne som spiller bridge med hverandre er bra for det sosiale miljøet.* Foto: Leif Juvik

Os juniorbridgeklubb i Fanaposten, 9. desember 2022.

juniorbridge.no/klubber/os-juniorbridgeklubb/

# Fleire nye har kome til



Første spelekveld for Ole og Henrik, fredag 6. januar 2023.



Ungdommen flokkar seg rundt Torhild.

# Hyttetur Solhovden, Kvamskogen,
## 18.-19. februar 2023



Utsikt frå hyttene på Solhovden.



Randi-Helene og Sienna mot Linnea og Anniken.



Torbjørn og Herman mot Jenny Marie og Leah.



Reni og Ingrid mot Ole-Vidar og Tarjei.



Ein tur i grøfto blei det òg.

## Resultata frå Simultanturneringa på Solhovden

1. Linnea - Anniken
2. Torbjørn - Herman
3. Jenny Marie - Leah Emilie
4. Randi-Helene - Sienna
5. Ingrid - Reni

På landsbasis deltok det 63 par i turneringa. Best av våre blei Randi-Helene og Sienna på 13.plass.

# U16-samling, Trondheim, 24.-26. februar 2023





Solveig og Sienna deltok på U16-samlinga i Trondheim i februar og fekk fine resultat der:

25. februar, lag, total butler (12 par)
5. Sienna – Solveig

26. februar, par (16 par)
6. Sienna – Solveig

# Spel med ein senior, sesongen 2022-2023 eldresenteret

Tre spelekveldar denne sesongen saman med dei eldre spelarane. Håper på fleire slike kvel-dar komande sesong.



Ung mot ung i eldresenteret. Nora og Reni mot Anniken og Linnea.



Ung mot gamal i eldresenteret. Nora og Linda mot Harald og Grete (bare handa til Grete synleg).





# Torbjørn og Anders til topps måndag 20. mars - spel med ein senior!

1. Anders - Torbjørn
2. Tarjei - Bjarne
3. Jørgen - Jan
4. Leif - Linda
5. Tor Anders - Kåre
6. Bjørn - Frode Dyrstad
7. Birgit - Marit
8. Anne Merete - Torhild
9. Kåre - Dag
10. Nora - Reni
11. Solveig - Isak
12. Trond Arne - Eva